



Vest Vvs AS
c/o Christine Westervik Vest VVS AS Apalen 17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18415 - 21/5649

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2021

Avslutta sak utan handsaming - gbnr 354/34 Husebø

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 354/34
Tiltakshavar: Kjell Thunestvedt
Ansvarleg søkjar: Vest Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring av gitt løyve 14.10.2020.

Me viser til tidlegare telefonsamtale med Einar Stusdal og gjer merksam på at det ikkje er gjeve noko utsleppsløyve for gbnr. 354/34 Husebø i verken i tidlegare Meland kommune eller i Alver kommune og det såleis ikkje er noko løyve som kan endrast for eigedom 354/34.

I vedlagte kopi av administrativt vedtak sak 90/2017, datert 28.03.2017, Meland kommune, viser det at det er gjeve løyve etter plan- og bygningslova for opparbeiding av vatn- og avlaupsanlegg til fritidsbustaden på gbnr. (3)54/34. Utsleppsløyve i denne saka er berre gjeve for gbnr. (3)54/37,49.

Me gjer merksam på at løyve etter plan og bygningslova fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

Det er kommunen vurdering at det må sendast inn ny komplett søknad for eigedom 354/34 før arbeida tek til.

Din søknad om endring av gitt løyve datert 14.10.2020 vert arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjell Thunestvedt

Lyngfaret 5

5172

LODDEFJORD

Mottakarar:

Vest Vvs AS

c/o Christine Westervik
Vest VVS AS Apalen 17

5915

HJELMÅS